



Statens vegvesen

Norconsult AS – Hovedkontor – Sandvika
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Mona Hermansen

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 19/10071-2	Dykkar referanse: /5185059	Vår dato: 05.02.2019
------------------------------------	--	------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Merknad til oppstart av planarbeid Tonesmarka – gnr. 22 bnr. 4 m.fl. – Meland kommune

Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid for reguleringsplan Tonesmarka, motteke 11.01.2019. Høringsfrist er sett til 11.02.2019.

Vår rolle

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Om planområdet og formål med planarbeidet

Planområdet er søraustre del av område B8 i kommuneplanens arealdel i Meland kommune. I tillegg er 5 regulerte og utbygde tomter teke med. Ein mindre del av området overlappar med varsla plangrense for områdereguleringsplan Dalstø – Mjåtveitstø, og dei to planarbeida skal samkøyrast med omsyn til tilkomst.

Forslagsstiller vil leggje til rette for 15–25 bueiningar, i form av einestader og rekkjehus, samt forsamlingslokale og utomhus aktivitetsområde. Det leggst òg til rette for kyststi, jf. føringar i kommuneplanens arealdel. Det kjem ikkje klart fram i oppstartsmeldinga om formålet med planarbeidet er i samsvar med overordna plan.

Vegtilkomst og trafikktilhøve

Planområdet har tilkomst frå fv. 564 Rosslandsvegen via Mjåtveitmarka. Mjåtveitmarka er regulert som offentlig veg, men etter det vi veit er den framleis privat eigd. Krysset mellom fv. 564 og Mjåtveitmarka er ikkje dimensjonert for trafikkauke, utover det som allereie er

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

vedteke gjennom gjeldande reguleringsplanar. I vårt innspel til områdereguleringsplan for Dalstø – Mjåtveitstø har vi difor varsla at det vil vere naudsynt med kanalisering dersom trafikken inn og ut av krysset aukar utover det som ligg inne i gjeldande reguleringsplaner.

Det er naturleg at dette kravet også vert gjeldande for utbygging av Tonesmarka, slik tiltakshavar skriv i oppstartsvarselet: «Samkøyring mot områdereguleringsplanen er nødvendig som ein del av arbeidet, særleg knytta til tilkomst.» Primært meiner vi at planområdet Tonesmarka burde vore innlemma i områdeplanen for Dalstø–Mjåtveitstø, slik at ein sikrar heilskapleg planlegging, god infrastruktur for alle trafikantgrupper og riktig plassering av målpunkt i høve til bustader.

I planarbeidet for Tonesmarka krev Statens vegvesen at det vært stilt krav om at kanalisert kryss med fv. 564 skal være ferdig opparbeidd før igangsetjing av bustadbygging eller forsamlingshus i planområdet Tonesmarka.

I planinitiativet frå Norconsult, datert 2018-09-04, legg ein til grunn at vegsystemet i Mjåtveitmarka er dimensjonert for å kunne ta imot bustadformål i denne delen av B8. Når det no vert planlagt forsamlingshus i tillegg, vil dei gjere greie for mengde trafikk tiltaket genererer, og gjere ein eigen vurdering av om vegane er dimensjonerte for dette.

Vidare skriv dei i planinitiativet at forsamlingshus vil krevje parkeringsareal. Dei vil vurdere om dette kan kombinerast med andre formål, til dømes ballplass. Generelt er Statens vegvesen negativ til slik sambruk, der leikeareal og trafikkareal vert kombinert. Dette kan føre til trafikkfarlege situasjonar der bilar som skal parkere køyrer inn på området der born leiker, alternativt at dei må finne andre stader å parkere som ikkje er tilrettelagt. Etter vårt syn må ein difor løyse parkering og leikeareal separat i planarbeidet.

Vi ønskjer lukke til vidare i planarbeidet.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG